Sogndal Jeger og sportsfiskarlag ber med dette inn til årsmøte i lagshuset, onsdag 30. mars klokka 18.00.

# LAGSHUSET

Onsdag 30.mars kl.18.00

**Årsmøtesak**er:
1. Godkjenning av innkalling
2. Val av møteleiar og skrivar
3. Godkjenning av årsmelding
4. Godkjenning av rekneskap
5. Innkommne saker frå medl.
6. Val

Matøkt

Styret


Sogn Avis

**www.sognavis.no**

DIN annonse blir lest av 36 000

Tlf. 57 65 60 00 - Fax 57 65 35 43




INDRE SOGN
SPAREBANK
ekte lokalbank

http://www.indresognsparebank.no

Pb. 444
6853 Sogndal

Tlf. 57 67 33 70
Fax 57 67 33 73

## NOKRE ORD FRÅ LEIAREN

Då er vi ferdig med nok eit år med jakt og fiske. Håper at alle er fornøgde, og er klar til og gå på eit nytt år med nye opplevelser og utfordringer.
Sjsl har gått på sparebluss i år, det føler i allefall eg.
**Vi må alle ta tak dette året og få inn ny glød i dei forskjellige gruppene.**
Vi klarte, etter mykje om og men og få på plass fisketeljar m/video. Resultatet var ikkje heilt bra, utstyret var nok ikkje godt nok testa for våre forhold. Vi klarte i alle fall og få ut ein rapport om tilstanden i elva. Rapporten sendte vi til Fylkesmann / Kommune utan nemneverdig respons. Vi vil prøve og få på plass ein ny teljar m/video i år. Det heile står og feller på kor mykje pengar vi klara og få ta i. Eg vil takke alle som er med og bidreg, spesielt Ragnar, som held lagshytta i stand.

**Då håper vi på eit knallår med jakt, fiske og friluft.**

Sogndal 15.2 2011
*Knut Christiansen*
*-Leiar-*

## STYRET

**Leiar:** Knut Christiansen
**Nestleiar:** Olav Brandshaug
**Skrivar:** Yngve Håkonsen
**Kasserar:** Arne Frode Barsnes
**Styremedlem:** Jarle Håvik
**Styremedlem:** Kurt Kvam
**Vara Styremedlem:** Anders Fredheim

**Jaktutvalet**
Leiar: Kurt Kvam
Medlem: Tom Veum
Medlem: Per Øvreseth

**Fiskeutvalg**
Leiar: Yngve Håkonsen
Medlem: Roar Svedal
Medlem: Eivind Ruud

**Ungdomsgruppa**
Leiar: Jarle Håvik
Medlem: Olav Brandshaug

**Hyttenemda:**
Leiar: Ove Bottolfsen
Medlem: Arne Ottar Hiller
Medlem: Kåre Stedje

**Revisorar:**
Kåre Stedje
Kåre Aasen

**Velgnemd**
Knut Christiansen

Din leverandør
på jakt, fiske
og friluftsutstyr.

Rabatt avtale for
medlemar av
Sogndal Jeger og
Sportsfiskarlag

INTERSPORT®

Tlf: 57 62 88 13
e-post: kurt@sogndal.intersport.no

SparebankenVest

Satsar på Vestlandet

LF Lerum Frakt

- FRAKT TIL OG FRÅ SOGN
- HEILE LANDET
- INGENTING FOR STORT, INGENTING FOR LITE
- TIL AVTALT PRIS OG AVTALT TID!

Lerum Frakt BA
Kloppavegen 13
6854 Kaupanger

tlf. 5762 8050/ 8051
fax 5762 8059

frakt@lerumfrakt.no
www.lerumfrakt.no

| Driftsinntekter | Konto Sum | Regn. ifjor |
|---|---|---|
| Inntekt Fiske | 64.640,00 | 61.946,00* |
| Inntekt Jakt | 36.843,03 | 32.400,10 |
| Inntekt Styre/Drift | 22.643,00 | 21.045,00 |
| Inntekt Årsmelding | 16.600,00 | 18.100,00 |
| Inntekt Lagshus | 17.640,00 | 19.500,00 |
| Inntekt Jegerprøven | 85.650,00 | 42.114,00 |
| Inntekt Jarbruhytta | 5.950,00 | 1.600,00 |
| **Sum Driftsinntekter** | **249.966,03** | **196.705,10** |

| Driftskostnadar | Konto Sum | Regn. ifjor |
|---|---|---|
| Utgifter Fiske | -81.134,00 | -34.326,00 |
| Utgifter Jakt | -48.030,15 | -51.130,60 |
| Utgifter Styre/Drift | -1.420,00 | -7.379,80 |
| Utgifter Årsmelding | -11.665,70 | -10.050,00 |
| Utgifter Lagshuset | -30.034,58 | -39.490,01 |
| Utgifter Jegerprøven | -51.302,00 | -29.412,00 |
| Utgifter Ungdomsgruppa | 0,00 | 0,00 |
| Utgifter Jarbruhytta | -10.294,50 | -14.513,04 |
| **Sum Driftskostnader** | **233.880,93** | **186.300,65** |

| | | |
|---|---|---|
| **DRIFTSRESULTAT** | **16.085,10** | **10.404,45** |
| Sum finansposter | 0,00 | 0,00 |
| **RESULTAT FØR SKATTER** | **16.085,10** | **10.404,45** |
| Sum årsoppgjørs disp. skatt | 0,00 | 0,00 |
| **ÅRSRESULTAT** | **16.085,10** | **10.404,45** |

* 21.746,- fisketellar



| Eiendeler | Konto Sum | Regn. ifjor |
|---|---|---|
| Omløpsmiddler | | |
| Kunder, debitorer | 11.140,00 | 22.840,00 |
| Bank brukskonto 3720.22.42686 | 113.918,15 | 91.638,05 |
| Bank langsiktig 3720.07.38471 | 172.700,29 | 168.937,14 |
| **SUM omløpsmidler** | **297.700,29** | **283.415,19** |
| | | |
| **SUM EIENDELER** | **297.700,29** | **283.415,19** |

| Gjeld og egenkapital | Konto Sum | Budsjett |
|---|---|---|
| Egenkapital | | |
| Egenkapital SJSF | 270.515,19 | 270.515,19 |
| Årsresultat (Opptjent egenkapital) | 16.085,10 | 0,00 |
| **Sum egenkapital** | **286.600,29** | **270.515,19** |
| | | |
| Kortsiktig gjeld | | |
| Leverandør, kreditorer | 0,00 | 0,00 |
| Depositum fiske | 11.100,00 | 12.900,00 |
| Skyldig vaktmeistergodtgjersle | 0,00 | 0,00 |
| **Sum kortsiktig gjeld** | **11.100,00** | **12.900,00** |
| | | |
| **SUM GJELD OG EGENKAPITAL** | **297.700,29** | **283.415,19** |

Oppført bankinnskot samsvarar med kontoutskrift frå banken.
Revidert og funne i orden.
Sogndal, den 28.02.2011

# Fiske i SOGNDALSELVA 2011

## Påmelding innan 05.06.2011

Namn: ..............................................................

Adr ..................................................................

Postnr.: .................. Poststad ...............................

E-post: ..................................... Tlf.: ..................

⦿ Eg ynskjer å verta fadder

Vi minner om at personer som ikkje har betalt medlemskontigent
ikkje vil bli tildelt dagar. Sendast innan 05.06.2011 til

**SOGNDAL JEGER - OG SPORTSFISKARLAG**

v/Fiskeutvalet - P.b. 30, 6851 Sogndal

SOGNINGEN
storsenter

Sogn tannhelsesenter
57 67 77 87

MENY
Friheit til å velja!

GJENSIDIGE
Parkv. 5
P.b 60, 6851 Sogndal
Tlf. 03 100
www.gjensidigeNOR.no

## ÅRSMELDING FISKEUTVALET 2010

At lakseoppdrett i saltvatn er eit stort problem vart tydeleg bevist i Sogndalselva i 2010. 3 av 5 fiskar som vart fanga, var oppdrettslaks! Samstundes seier oppdrettsnæringa at det er minimalt med rømningar. Vel – problemet med oppdrettslaks har aldri vore større for elvane i Sogn, og kanskje kan vi sei det same for heile Noreg. Ikkje berre i Sogndalselva er dette eit problem. Vi ser også det same for dei andre elvane i Sogn og Fjordane. Det er alarmerande, og vi kan ikkje lenger stå stilletiande å sjå at dette skjer!
Når ein samstundes ser auken av tal lakselus på utvandrande laksesmolt, samt auka tal rømningar, sjølv om næringa sjølv hevdar det mottsette - vil det dersom det ikkje blir innført tiltak som til dømes lukka anlegg i sjøen, vera historie om ikkje mange år for dei ville laksestammane vi har i dag. Tiltak som nemnd over påtvingar seg dersom vi skal redde dei villaksestammane vi har igjen. Det er oppdrettsnæringa aleine som er årsak til 100% av oppdrettslaksen som går opp i elvane våre, samt at den sama næringa er årsak til auka tal lakselus. Dersom denne næringa igjen ønskjer truverde, må noko gjerast og det må gjerast raskt!

Største fisken i 2010 blei teken av Robert Meisterplass, på 6 kg. Vi gratulerar! Premien er gratis årskort for fiske i Sogndalselva 2011. Ønskjer du å ha mulegheiten til å få største fisken og vinne gratis årskort? Då må du kjøpe årskort for 2011 – kanskje blir det du som vinn gratis fiske i Sogndalselva i 2012?
Alt i alt er følgande status for avliva laks i Sogndalselva, 2010, med Foss-rettane:

| | |
|---|---|
| **Sjøaure:** | 12 stk – 21 kg |
| **Tert:** | 17 stk - 26 kg |
| **Mellomlaks:** | 26 stk – 122,9 kg |
| **Storlaks:** | 1 stk - 9,3 kg |



(Av tala over for laks, er ca. 60 % oppdrettslaks!!!)
I laksetrappa i Foss-fossen har det vore feil på teljaren, og det er derfor ikkje råd å sei kor mange passeringer som er er gjort. Det vi derimot veit er at det er 37 fiskar som har passert Flugheims-fossen. Vi ønskjer nye og tidlegare fiskarar velkomne til nok ein fiskesesong i Sogndalelva i 2011 - der vi håpar oppdrettlaksen har ein markant tilbakegang! Skitt fiske!!!

*Roar Svedal*
*Eivind Ruud*
*Yngve Håkonsen*

# Påmelding HJORTEJAKTA 2011

Namn: ..............................................................

Adr ..................................................................

Tlf.: .................................................................

- DROGI
- BJØNNDALEN
- STEDJEÅSEN
- Eg ynskjer å verte fadder

Vi minner om at personer som ikkje har betalt medlemskontigent ikkje vil bli tildelt dagar. Sendast innan 01.09.2011 til

**SOGNDAL JEGER - OG SPORTSFISKARLAG**

v/Jaktutvalet - P.b. 30, 6851 Sogndal


first floor
PARFYMERI

Sogndal Lær- & Skotøyforretning
Gildevangen 17 – 6856 Sogndal ✆ 57 67 21 24

FOT KLINIKKEN
Parkvegen 2 - 6851 Sogndal
Tlf. 57 67 17 00

AUTORISERTE REGNSKAPSFØRERE

NESS
REKNESKAPSKONTOR

SPORT
Våpenloftet a/s
Førde

Treng du trafikkopplæring ?
Kl.A-motoresykkel / Kl. B-bil / Mørkekøyring / Minibuss
JOAR SOLBERG TRAFIKKSKULE
Tlf.k. 57 67 16 19
Mob. 907 71 927
Pr. 57 67 45 06

Då vetla julafta kom og kruttrøyken letta kunne ein tella 11 felte hjortar av ein kvote på 25. Ein fellingsprosent på 44%. Med 15 løyver i Bjøndalen blir nok ikkje fellingsprosenten høg på ei stund, men me fekk 4 dyr dar i år.

Drogi ga fullt hus som vanleg, 5 av 5 og Stedjeåsen ga 2 dyr av ein kvote på 5. Stedjeåsen treng mykje hoggst eller kanskje ein brann .Til det skjer må me nok leve med "detta", men det står dyr der.
Det blei felt 2 dyr i den utvida jakttida og begge var i Åsen.

Statskog har gitt tilbakemelding om at me er med på trekninga om jakta for neste periode. Me held kontakten og håpar det beste.

Har planar om å skaffe eit mobilt jakttårn som hjelpemiddel Bjøndal.

**Go jakt 2011**

*Jaktutvalet v/Kurt Kvam*






Felte hjort. 1952-2009
40 000
35 000
30 000
25 000
20 000
15 000
10 000
5 000
0
1955
1965
1975
1985
1995
2005


Felte elg
Felte hjort
Felte villrein
Felte ryper
Avgang av rovdyr
Laks og sjøaure
Lakse- og sjøaurefiske. 1970-2009
Tonn
1 800
1 600
1 400
1 200
1 000
800
600
400
200
0
Sjøfiske¹
Elvefiske
1970
1975
1980
1985
1990
1995
2000
2005
2009

## JEGERPRØVEN 2010

Det er like spennande og utfordrande kvart år å ta til med jegerprøvekurs. Det er ei fin blanding av deltakarar, nokre går i ungdomsskulen, andre er høgskulestudentar og så er dei ei gruppe med eldre som er i arbeid. Alle har mål om å ta jegerprøven. Dei yngste tek lett på dette og trur at berre ein sit i rommet så kjem alt til å gå vel. Stolen er utruleg uroleg, slik at poden må heile tida vri på kroppen for å halda balansen. Ser ein på kameraten som går i same klassen, så har vedkommande og fått ein slik forbanna vanskeleg stol. Kanskje det blir betre om ein tek føtna opp på bordet? Eigentleg så skjønnar desse ungdommane dette stoffet så godt at lærebok, hefte med lover og forskrifter og eit lite hefte med artskunnskap om vilt er heilt unødig å ha med seg. Blyant? Kulepenn? Kva skal ein med det? Notera og streka under at du kunn har lov til å ha to skot i ei hagle blir gjort av dei som er ferdig med ungdomsskulen. Slike gamle personar hugsar sikkert dårleg. Høgskulestudentar strekar med raudt og er livredde for å gå glipp av vesentlege punkt. Etter at dei under 16 år har fått to alvorlege meldingar om at resten at deltakarane må betala kursavgifta av si eiga lomme og at instruktøren ber dei dra heim straks og bli der, - heime, til dei er over 16 år, - - - blir det stilt. Her blir det ikkje delt ut gule og raude kort. Tida er knapp, pensumet stort. JOBB godt på samlingane. Jentene, unge som gamle, er flinke og grundig. 31 stolte nye jegerar fullførte prøva på nettet og om ikkje alle stod første dagen, så stod alle neste prøve dag. Det er gledeleg.



*Frå ei samling ute der me skyt på ballongar med salong. Avstand 70 – 80 meter.*

**Berge & Co AS**
Sogndal, tlf. 57 67 57 00

***www.berge.no***

**HOLEN INSTALLASJON AS**

6851 Sogndal - 6868 Gaupne
6863 Leikanger - 6891 Vik

**Tlf. 57 67 75 00**

*Medlem av "SIKRINGEN" - kjeden*

**coop mega**
**SOGNINGEN**

Leverandør av
ICOM jaktradio
og mobiltelefon

**EURONICS**

--kulturhuset, 6856 Sogndal
Tlf. 57 67 24 11
www.magneaase.no

HI-FI
butikken

**loftet**

Tlf. 57 67 28 95

URMAKER VATLESTAD UR OPTIKK GULL & SØLV
Gull • Ur • Optikk
Sogningen Storsenter
Telefon 57 67 14 77 • Telefaks 57 67 48 66
BJØRKLUND

**Sogningen Storsenter**
Telefon 57 67 14 77
Telefa 57 67 48 66

**ERLING FARDAL**

Sport og
fiskeutstyr

SISOF
Studentsamskipnaden
i Sogn og Fjordane

KULTURHUSET

Skadesenteret Sogn AS

**SKADE PÅ BILEN? Ring 57 62 70 69**

Skarpteigvegen 1 - 6854 Kaupanger
Telefon 576270 60

SOGNDAL BILPLEIE – 6856 SOGNDAL
TELEFON 57 67 82 02

***Sogndal Bilpleie***
***Sogn Antirustsenter***
*v/Shell i Sogndal, tlf. 57 67 82 02*

Fredheim

Maskin & Betong AS

Postboks 51, 6851 SOGNDAL

Tlf: 57 67 84 46

# JARBRUHYTTA

*Hytta ligg på Jarbruene, ca 850 m.o.h., ein times gange frå bilveg. Hytta ligg i naturvakre omgjevnader med 4-5 fiskevatn innafor eit kvarters gange. Jarbruene/Fageregga er også eit vakkert skiområde som vert mykje nytta på seinvinteren. Hytta vart oppført i 2002 og inneheld stove, kjøkken, to soverom, vaskerom og hems, vidare er det eit uthus som er kombinert vedbod og do.*

**Utleige**
I 2010 har hytta vore nærast fullteikna i helgane frå slutten av juni og til første halvpart av september. Hytta var berre utleigd halve påskeferien sist år sjølv om det var stor interesse for å leige den.

**Dugnad**
Kjøkendelen av hytta vart nedvaska av Randi K. sist sommar, men resten av hytta burde og ha vore nedvaska, dette må me prøve å få til denne sommaren. Elles så var Inge Kvam oppe og hjelpte oss med ei enklare løysing for å forbetre inngangspartiet slik at me ikkje får vatn inn i gangen. Uthuset vart beisa sist sommar så det bør halde eit par år frametter. No til sommaren må me beise opp att det innvendige på altanen. Hytta fekk sist år betre møblar, det var oppkøyrt ein “ny” sofa og to “nye” stolar. Vidare har me fått nye gardiner til hytta, gardiner som passar betre til hytta. Desse vil Randi K. sy og passa til no i vinter, dei vil bli oppsett i løpet av 2011 sesongen. Vidare er alle dyner, puter osv. tekne ned for reinsing, så til sommaren vil hytta ha fått ei viss oppgradering.

Problema me har hatt med vatn inn i gangen reknar me no med skal vera over, men hytta vil uansett ikkje bli sesongopna før til påska, dette av di det er relativt tungvindt å rigge ned og rigge opp att vassperra før den kan takast endeleg ned for sesongen

**Prisar**
I påska har hytta kosta kr 200 pr døgn, medan prisen om sommaren har vore kr 100 pr døgn. Styret har bestemt at prisen i påska og etter 15. september og fram til sesongslutt må vera på kr 300 pr. døgn, dette av di det går mykje ved i denne tida. Elles så vil sommarprisen framleis vera kr 100 pr. døgn. Tillegg til desse prisane vil du få eit tillegg per person på kr 20 pr. døgn.

**Betaling av depositum**
Når dagane er fordelte må medlemane, innan 1. juni, betale for leiga av hytta. Dette gjeld ikkje persontillegget, det må betalast i etterkant ved innleveringa av nøkkelen. Betaling av depositum skal skje til Kåre Stedje ved Stedje Gartneri. Dersom ikkje beløpet er betalt innan fristen, så kan andre leige ho. Det er og

fullstendig muleg å leige hytta utan å ha fått faste dagar, du må då kontakte Kåre Stedje for å høyre om ho er ledig, er ho det er det berre å betale depositum for dagane du vil leige den.

**Mobil-, Radio- og TVtilhøve**

Det er dårlege høve for mobilsamtalar på hytta men me har sett opp ei utvendig antenne for å bøte på dette. Dersom ein ynskjer å nytte denne må kvar enkelt kjøpe/låne ein overgang som passar til sin eigen mobil og så koble denne saman med antenneleidningen. På hytta har me radio samt TV med NRK kanalane. Ver merksam på at TVen trekker ein del straum og bør brukast med varsemd.

Til sist vil hyttestyret minne om at hytta er røykfri!

*Sogndal 3. mars 2011*
*Hyttestyret v/ Ove*

BILDE ?????

# Hytta på Jarbruene

## Utleige av hytta 2011

PRIS:

| | |
|---|---|
| Sjølve hytta | kr 100,- pr. døgn i sommarsesongen 2011 |
| | kr 300,- pr. døgn etter 15. september 2011 og i påska 2012 |
| Tillegg: | kr 20,- pr. døgn pr. person |

**Påska 2012** vert delt inn i 2 periodar, med leigeskifte onsdag 4. april, før kl. 17.00. Dersom det vert berre ein søkjar kan ho/han leige begge periodane. For alle reservasjonar av hytta er det førehandsbetaling med kr 100 (300) pr døgn. Depositumet må betalast til Kåre Stedje etter utdeling av dagane og innan 1. juni.

---

**Eg ynskjer å leiga hytta på ovannemnde vilkår**

Frå dato Til dato: og

Frå dato Til dato: og

Frå dato Til dato:

Namn: ..........................................................

Adr ...............................................................

Postnr.: .................. Poststad ..............................

Tlf.: ..................................

Sendast helst på e-post innan 01.05.11 til :

**ove.bottolfsen@gmail.com**

eller til postadresse:

**SJSL Jarbruhytta**

**v/Ove Bottolfsen**

Dalavegen 7

6856 Sogndal

Toyota Sogn
Skarpteigvegen 1
6864 Kaupanger
Tlf.: 57 67 66 65
TOYOTA

STEDJE
BLOMSTER OG GARTNERI ANS

Sogn Låsservice
950 68 582
Stedjeflaten 15 - 6856 Sogndal

ADVOKAT
Louis Anda jr.
M.N.A.
TERRA
Tlf.: 57 67 45 40 - Mob. 945 66 138

Together we can do it. YIT
**Leverandør av byggtekniske installasjoner**
Fjørevegen 25, Sogndal,
tlf: 57 67 90 00

BYGGERIET

HØGI VEUM
BYGG AS
Ørjan Høgi 975 31 [illegible]
Tom Veum 911 06 [illegible]

## SOGNDAL ETTERSØKSLAG

Først må Kåre Stedje ærast. Frå ordninga med godkjent ettersøkshund blei innført har han delteke. 16 år blir det! Trufast til alle døgnets tider, i ulikt terreng og ikkje berre i solskin. Stor takk til Kåre.

Laget ønskte Øyvind Slinde og Leidulf Øyre velkomen i haust med kvar sin hund. Dette klaffa godt for det me ikkje viste var: to hundar blei opererte og ein vart alvorleg sjuk. Slik viser statistikken seg i laget at 15 % av hundane går ut kvart år. Opptrening av ny hund tek gjerne tre år for å få den god. Nye hundeførarar må og ha ei minst like lang treningstid om ikkje lenger.

Ettersøkskunnskap er noko som må erfarast ute i marka skal ein bli god. Likeeins gjeld det å ha røynde folk som stør til med oppmuntring og gode råd, eller tek over søket.

Det kom tidleg snø i haust som blei liggjande og dette førte nok til at ein del søk blei utført av jegerane sjølv. Sporsnøsøk med litt blod er tydelege. Elles viser det seg at mange er flinke til å ta kontakt med laget slik at hundane med førarar får trena seg sjølv om alt tyder på bomskot.

I haust blei dokumentasjon med godkjent avtale sendt ut i visittkortformat. Det same vil skje hausten 2011 saman med digital dokumentasjon om ikkje

Direktoratet for Naturforvaltning har nokon innvending. Oppsyn og viltforvaltar har stilt seg positive til dette.

## VIDAREGÅANDEKURS I ETTERSØK

14 deltakar stilte til kurset som Sogndal JSFL heldt på Kaupanger skule 23. 0g 24. april. Det kom folk frå Sogn, Sunnfjord, Hordaland og Rogaland. Kaupanger skule stilte med undervisnings- og pauserom.

Middagen var hjortegryta frå Joar sitt kjøken, servert på hustellkjøkenet. Frukost, kaffi og vaflar stod og klar kvar dag. To fine dagar med topp interesserte hundeførarar som hadde mykje å tilføra kvarandre og viste stor forståing for kva kan gjerast for å bli betre.



*Ein jeger hadde skote spissbuken bakanfrå i høgre bakfot under jakta. Avliva 22. april 2010.*

*Sikkerheit, sikkerheit og kommunikasjon er det overordna temaet. Hund og hundeførar må vera godt synlege.*



# NOTAT